



Kåre Skjelanger  
Skjelangervegen 983  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2591 - 14/17004

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
06.11.2014

## Løyvingsbrev GBNR. 55/11 SMIL 2014-tilskot til gjerding

**Administrativt vedtak. Saknr: 315/2014**

### **Saksutgreiing:**

Vi syner til søknad motteke 06.11.2014

Meland kommune vart for 2014 løyvd kr 230 000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i 2012 ein ny Smil- strategi for 2012-2015 med prioriteringar og satsar for kostnader.

Søknadsfrist var 01.juni 2014.

Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 17 søknader, m.a. frå Kåre Skjelanger for gnr. 55. bnr. 11.

Kåre Skjelanger har søkt om tilskott til: oppsetting av gjerde til beite.

Miljøplan trinn 2 er krav for søkjær.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart
- Miljøplan trinn 2

Bruket har eit jordbruksareal på 53,4 daa, 63,9 daa skog og 18,3 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehold.

Kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet.

Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m.

#### Overordna prioriteringar

1. *Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareaala til vatn og vassdrag.*
2. *Framleis satsing på biologisk mangfold, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe middel skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.*
3. *Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø*
4. *Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking*
5. *Kartlegging av korleis dei tiltaka som har fått tilskott i perioden 2004 til 2011 har utvikla seg etter kvart..*

Vidare vil føretak som driv aktivt gå føre føretak som ikkje driv. Nyetablerte kan prioritert. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

LNF-ja-område kan gjevast midlar når det vert sett krav om tilbakebetaling av midlane om arealet ikkje vert nytta til beite i 10 år. LNF-ja-område skal ikkje prioritert.

Tematisk vil ein ha slik prioritiseringsrekkefølgje ved tildeling av midlar:

1. *Planlegging av fellestiltak.*
  - Felles kartlegging knytt til avrenning frå landbruksareaala
  - Felles beitetiltak i utmark – kystlynghei og strandengar
2. *Biologisk mangfold.*
  - Område som nemnd i naturtypekartlegginga vil verta prioritert
3. *Gamal kulturmark.*
  - Skjøtsel av lynchhei
  - Tiltak i beitebruksplanar
  - Rydding og inngjerding av innmarksbeite inkludert beiteskog
  - Bruk som har husdyr for å skjøtta kulturlandskapet, men ikkje mottek produksjonstilskot.
  - Natureng jf. naturtypekartlegginga
4. *Tilgjenge, opplevingskvalitet.*
  - Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtselstiltak herunder utviding av eksisterande stinett
  - Tiltak som førebygg konfliktar mellom landbruk og allmenta t.d. sjølvlukkande grinder, gjerdekklyv vil verta prioritert.

**5. Kulturminne og kulturmiljø.**

- Restaurering og/eller rydding langs tørrmurar herunder bakkemurar, steingardar, torvhús, potekellarar, kanalar m.m.
- Restaurering av småhus og byggverk knytt til særmerkte driftsformer i kommunen t.d. smier, kvernhus, ishus og vargotter (steinmolero i sjø for varelevering).
- Medverka til å utvikla kulturmiljøet knytt til Ypsøy kystgard

**6. Freda og verneverdige bygningar.**

- Naustmiljø, grindbygg, skjeneflorar, gardflorar (vårflorar) sjøbuer og andre bygningar knytt til kystkulturen.

**Vurdering:**

Tematisk prioritering: 3

Prioritering totalt sett: 9

Det er vorte gjort ein stor innsats for å ta vare på kulturlandskapet i bygda. Dette er et mindre areal som ligg godt synlig frå veg, tiltaket vil bygge oppunder heilskapen i området. Kåre Skjelanger er ein av få som fortsatt har sau på fjellbeite, og i følgje smil-strategien skal me prioritera aktive bønder .

Reknestykket vert slik:

Tiltak	Mengde	Einingskostnad kr/m	Kostnad kr	Tilskots%	Tilskot kr
Gjerding synt på kart					
Gjerding, meter	367	60	22 020		
<b>Sum</b>			<b>22 020</b>	<b>50</b>	<b>11 000</b>

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlova og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Skjelanger er tiltaket ikkje i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf §§ 8-12).

**Vedtak**

”Meland kommune løyver kr 11.000 i tilskot til Kåre Skjelanger på gnr.55. bnr.11. Løyvinga er eit eingongstilskot.

Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i ”Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet”.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01/12.2017
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf pkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søker før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite.

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødslast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne artsmangfaldet.

Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreng og bensel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning.

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist.

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarende mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad før.

Kontroll.

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9.

Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak.

Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak.

Kommunen kan omgjøre vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf § 10.

Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga.

Avgjerd om tilskotsstorleik og vilkår kan påklagast, jf forvaltningslova §§ 27 og 28.

Fylkesmannen si landbruksavdeling i Hordaland er klageinstans. Ei eventuell klage må vere grunnlaget og sendt kommunen seinast 3 veker frå den dagen vedtaket er motteke, jf vedlagte klageskjema.”

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbruksjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen si landbruksavdeling      Postboks 7315      5020      BERGEN

**Mottakere:**

Kåre Skjelanger      Skjelangervegen 5917  
983      ROSSLAND